



Notat

Dato: 31.08.2017
Arkivsak: 2015/11453-101
Saksbehandlar: adelan

Til: Hordaland fagskulestyre

Frå: Fylkesdirektør opplæring

Rekneskapsrapportar for Fagskolane i Hordaland

Under følgjer rekneskapsrapportar frå Fagskolen i Hordaland og Hordaland helsefagskole.

Fagskolen i Hordaland, 2. kvartal

Ansvar		Regnskap	Budsjett pr 2 kv	Avvik pr 2 kv	Årsbudsjett	Rest årsbudsjett	Årsprognose	Endret prognose	Ny prognose
		19 214	18 792	-422	92 542	73 327	92 480	0	92 480
691100	Administrasjon	1 809	1 681	-128	4 848	3 039	92 480	0	92 480
691150	Merkantil forvaltning	650	525	-125	2 850	2 200	0	0	0
691160	Skolelokale	1 725	425	-1 300	1 700	-25	0	0	0
691300	Oppdragsverksemd	-824	-151	672	0	824	0	0	0
691554	Fagskole	15 683	15 805	123	80 406	64 723	0	0	0
691900	Voksenopplæring	171	507	336	2 738	2 567	0	0	0

Skulen sin kommentar:

Inga endring av prognosen.

Pr. juni har me eit positivt avvik på 2,8 mill. Dette utløyser ikkje endring i prognosen, då me har to store uteståande fakturaer, ein frå Kongsberg for vedlikehald av simulator på 1,85 mill. og ein frå Uniko vedkomande tryggleikskurs på 957.000.

Hordaland helsefagskole, pr. 30.08.2017

Ansvar		Regnskap	Revidert budsjett pr idag	Årsbudsjett	Gjenstående av årsbudsjett	oppr.
		2 540 025	2 242 600	2 242 600	-297 425	1 200 000
		2 540 025	2 242 600	2 242 600	-297 425	1 200 000
644554		2 540 025	2 242 600	2 242 600	-297 425	1 200 000
644554	Lønn	2 523 563	1 200 000	1 200 000	-1 323 563	1 200 000
644554	Andre kostnader	76 303	1 042 600	1 042 600	966 297	0
644554	Inntekter	-59 841	0	0	59 841	0

Skulen sin kommentar (for vgs og fagskolen):

Forventar balanse ved Fusa vgs. Me har eit mindre forbruk på kr 200 000,- for å ha ein liten «buffer» på denne tida på året.

Tilskotet til studentar for hausten er ikkje lagt inn av di tilskotet vert overført etter studentteljinga 1. oktober.

Investeringar 2017 og 2018

Fagskolen i Hordaland gjennomfører store investeringar i 2017 i høve til elkraft-simulator og nettpedagogisk utstyr (sjå eiga melding til dette møtet om kvalitetsmidlar frå KD). På bakgrunn av desse investeringane har skulen ein eigendel på om lag 4,4 mill. til utstyr og kompetanseheving. Eigendelen må skulen dekkje over budsjettet for både 2017 og 2018. Dette gjer at det ikkje er rom for større investeringar i 2018 utanom det som er heilt naudsynt. Fagskolen sin boresimulator har behov for å verte oppgradert i høve til både software og hardware, og kostnaden ved dette er sett til 600 000,- eks. moms. Det har vore ein omfattande driftsstans ved simulatoren våren 2017, og for å sikre stabil drift i tida framover må skulen prioritere oppgradering av denne i 2018.

Fagskolen vil leggje fram ei meir detaljert oversikt over framtidig investeringsbehov til november-møtet.

Innspel frå styret i høve budsjettprosess i Hordaland fylkeskommune

Administrasjonen ved Opplæringsavdelinga ber styret drøfte og kome med innspel i høve til fylkeskommunen sin budsjettprosess for 2018 i styremøtet 14/9.